

Vestlandsforskning-rapport nr. 5/2014

Digitaliseringsarbeid i mindre kommunar

**Korleis kan KommlIT-programmet best støtta dei
mindre kommunane sine behov og læra av deira fortrinn?**

Svein Ølnes og Morten Simonsen

Vestlandsforskning-rapport

Tittel Digitaliseringsarbeid i mindre kommunar - Korleis kan KommIT-programmet best støtta dei mindre kommunane sine behov og læra av deira fortrinn?	Rapportnummer 5/2014 Dato August 2014 Gradering Open
Prosjekttittel Digitaliseringsarbeid i mindre kommunar	Tal sider : 34 + 3 Prosjektnr. : 6329
Forskarar Svein Ølnes, Vestlandsforskning (prosjektleder) Arild Jansen, UiO – avd. for forvaltningsinformatikk Leif S. Flak, Ui A – institutt for informasjonssystemer	Prosjektansvarleg Ivar Petter Grøtte
Oppdragsgivar KS Sogn og Fjordane v/Eid kommune	Emneord kommunesamarbeid digitalisering KommIT
Samandrag	
ISBN: 978-82-428-0346-7	Pris:

Forord

Som ei oppfølging av opprettinga av IT-programmet KommIT i KS, har KS Sogn og Fjordane ved Eid kommune teke eit initiativ for å få ein betre dialog mellom programmet og dei mindre kommunane. Prosjektet er finansiert av Regionalt forskingsfond Vestlandet og KommIT, og ser på status for digitaliseringsarbeidet i mindre kommunar, representert ved kommunane i Sogn og Fjordane.

Forprosjektet er eit samarbeid mellom Vestlandsforskning ved forskar Svein Ølnes, Universitetet i Oslo ved professor Arild Jansen og Universitetet i Agder ved førsteamanuensis Leif S. Flak. I tillegg til denne rapporten er det utarbeida ein søknad om hovudprosjekt til RFF Vestlandet.

Svein Ølnes har vore prosjektleiar og skrive rapporten, medan forskar Morten Simonsen har stått for statistiske analysar presenterte i vedlegg 1.

Vestlandsforskning, august 2014

Innhald

0. Samandrag	5
1. Problemstilling og bakgrunn	7
1.1 Prosjektidé og målsetjingar	7
1.2 Bakgrunn	7
1.3 KomMIT og kommunane i Sogn og Fjordane	9
2. Metode	10
3. Digitaliseringsstrategi og KomMIT-programmet	11
3.1 På nett med innbyggjarane	11
3.2 Forenkla, fornya og forbetra	12
3.3 Digitaliseringsstrategi i kommunesektoren	12
3.4 KomMIT.....	13
4. Digitaliseringsstrategi i kommunane	16
4.1 Årdal, Lærdal, Aurland og Vik (ÅLAV).....	16
4.2 Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal (BLLS).....	16
4.3 IKT-samarbeidet i Sunnfjord (SYS IKT).....	18
4.4 Flora kommune	18
4.5 Nordfjordnett	19
5. Resultat av spørjeundersøkingar	21
5.1 Helse og omsorg	21
5.2 Plan- og byggjesaker	25
5.3 IT-ansvarlege	28
5. Oppsummering og tilrådingar	32
Referansar	34
Vedlegg 1: Analyse av data	35

0. Samandrag

Resultata frå dei to prosjekta ” *Samordna digitaliseringsarbeid i kommunane i Sogn og Fjordane*” og ” *Digitaliseringsarbeid i mindre kommunar - Korleis kan KommIT-programmet best støtta dei mindre kommunane sine behov og læra av deira fortrinn?*” har vist at kommunane i Sogn og Fjordane har utfordringar der betre kjennskap til, og tettare samarbeid med, KommIT-programmet truleg ville hjelpa. Kjennskapen til programmet er dessverre for dårleg til å dra nytte av samarbeidsløysingane KommIT arbeider med og tilbyr.

På ei og same tid blir kommunane både for **nærsynte** ved at dei ikkje ser nytten av KommIT og større, nasjonale fellesløysingar, og for **langsynte** ved at dei ser for snevert på IT og ikkje at teknologien først og fremst skal vera eit hjelpemiddel for betre tenester og løysingar for innbyggjarane. Paradoksalt nok kan det verka som dei kommunane som ikkje har ein IT-plan faktisk er dei som har det tettaste samarbeidet med fagavdelingane i kommunane om utvikling av betre tenester.

Problem med dagens IT-strategiar i kommunane:

- Mangel på skilje mellom strategisk nivå og handlingsorientert del – alt blir ”sautsa” saman
- For lite integrert i kommunen sine prioriteringar elles
- Enkelte kommunar har ingen IKT-plan
 - betyr ikkje at dei gjer ein dårlegare jobb på området, kanskje tvert om, men det er fare for at arbeidet blir mindre koordinert og koherent. Det er også visse grunnleggjande element og tverrgåande element som då blir borte. Fare for sektorvise prioriteringar som ikkje heng godt saman på eit overordna nivå.
- Gjennomgåande for avsendarfokusert og lite brukarretta. Det handlar mest om system, kravspesifikasjonar og oppgraderingar, mindre om brukarkvalitet og brukaropplevingar
- Nettsidene blir for ein stor del omtala som om det er einvegs informasjonskanalar og ikkje den viktigaste plattformen for utvikling av eit digitalt tenestetilbod
- Viktige signal frå nasjonalt hald blir berre i varierende grad fanga opp
- Mangel på samanheng mellom fylkesovergripande prosjekt og IKT-prioriteringar på lokalt nivå

Forslag til tiltak:

- Alle kommunar bør ha ein strategiplan for IKT, om den så berre er på 1-2 sider (til kortar, til betre ofte). Den må skilja mellom langsiktige strategiske mål, og kortsiktige handlingar som blir følgde opp i budsjettprosessen i kommunen
- Strategiplanen må vera godt integrert med andre planar og prosessar i kommunen, ikkje minst må den vera forankra i dei ulike tenesteområda og samsvara med dei prioriteringane som blir gjorde der
- Strategiplanane må fanga opp dei viktigaste signala frå KS/KommIT og regjeringa
- Nettsidene må løftast til å bli noko meir enn ein enkel informasjonskanal: Det er den viktigaste plattformen for digital samhandling med innbyggjarane, på alle typar dingsar
- Betre dialog med brukarane/innbyggjarane må løftast fram i strategiplanane – brukartestar er ein enkel og effektiv metode for å finna ut om ting fungerer. Meir bruk av statistikk for bruk av el. skjema m.m. vil også vera nyttig.

- Gevinstmål og –realisering er fråverande frå dei fleste planane. Kva vil ein med IKT-bruken? Her har KS utvikla rutinar og sjekklister som bør kunna brukast.
- Betre dialog mellom region- og fylkesdekkjande prosjekt og den enkelte kommunen. Mange opplever no at fellesprosjekt grip direkte inn i prioriteringane utan at det har vore godt nok diskutert internt.
- Skilnaden mellom helse- og omsorgssektoren og plan- og byggjesak, der den første er gjennomgåande meir positiv til IT-samhandling, kan truleg tilskrivast dei mange fylkesovergripande prosjekta (mellom anna Meldingsløftet I og II) som har involvert alle kommunane og fått til eit godt samarbeid med andre sektorar, i første rekkje det regionale helseføretaket. I organisasjonen IT-forum har fylket eit stort fortrinn og eit godt utgangspunkt for koordinerte fellestiltak, det bør også nyttast til felles integrasjonsprosjekt på området plan- og byggjesak.
- Gjennom IT-forum Sogn og Fjordane har fylket den forankringa som er nødvendig for å få til eit godt samarbeid med KommIT, men det krev at organisasjonen tek initiativ til eit slikt samarbeid.

1. Problemstilling og bakgrunn

1.1 Prosjektidé og målsetjingar

Manglande IKT-samordning i kommunesektoren har ført til opprettinga av KS-programmet KommIT – ”Program for IKT-samordning i kommunesektoren”. Det skal sørgja for betre samordning innad i kommune-sektoren og også mellom stat og kommune, i tillegg til å auka den kommunale IKT-kompetansen.

I dette forprosjektet har vi undersøkt kva som er dei mindre kommunane sine største utfordringar på IKT-området, og om desse blir godt nok ivaretekne av KommIT. I tillegg har vi også kartlagt område der desse kommunane har gode løysingar som bør delast med andre gjennom KommIT.

Hovudmål og delmål i prosjektet er formulerte slik:

Overordna mål:

Identifisera særlege behov hjå små kommunar i høve digitaliseringsarbeidet i kommunal sektor

Delmål:

1. Kartlegging av utfordringar knytta til digitalisering for mindre kommunar, men også identifisering av gode digitaliseringsløysingar innan
 - Prioriterte tema: eHelse og samhandlingsreform, Plan- og byggjesaksbehandling
 - IKT-faglege perspektiv: styring, organisering og rettslege IKT-utfordringar (IT governance), samhandling og felles-komponentar, måloppnåing og gevinstrealisering
2. Systematisering og analyse av kartlegginga, samanhalde med relevant litteratur, som underlag for prosjektplan for eit hovudprosjekt
3. Undersøkja KommITs rolle for små kommunar og gjennom å tilretteleggja metodar og utvikla arenaer for betre samhandling
4. Utforma plan for hovudprosjekt (følgjeforskningsprosjekt for KommIT)

1.2 Bakgrunn

Det har lenge vore ei samstemt oppfatning om at IKT-samordninga i kommunesektoren har vore for dårleg. Det har mangla eit sterkt koordinerande organ, og kommunane (og fylkeskommunane) har i stor grad vorte overlatne til seg sjølve. Det har ført til sterk leverandørbinding og –styring, og dårleg samordning og samhandling med kommunar.

For å retta på situasjonen bestemte KS sitt hovudstyre¹ å oppretta eit eige program, KommIT, i mai 2012. Det er starta opp som eit 3-årig program 2013 - 2015 med eit eige programstyre². KommIT skal

¹ Varafylkesordførar Jenny Følling er medlem av hovudstyret og har arbeida aktivt med denne saka

ikkje byggja opp eit stort sekretariat, storparten av aktiviteten skal føregå ute i kommunane og kompetanse frå kommunesektoren blir henta inn etter behov i tillegg til kjøp av tenester i marknaden. KommiT er finansiert av KRD og kommunane i lag. Alle kommunane og fylkeskommunane i landet er utfordra til å betala ei krone pr. innbyggjar.

KommiT-programmet skal evaluerast av KS sitt hovudstyre etter avslutta program i 2015 for å avgjerda kva som skal skje vidare og korleis IKT-satsinga eventuelt skal organiserast på meir permanent basis.


KommiT er ei viktig satsing for kommunesektoren, og har som visjon (KS, 2012)

Ein samordna kommunal sektor som leverer digitale tenester som gir innbyggjarane og næringsliv eit reelt digital førsteval.

Visjonen skal realiserast ved å

- sørge for samordning i kommunesektoren
- sørge for samordning stat/kommune
- auka den kommunale IKT-kompetansen
- greia ut ei framtidig utviklings- og forvaltningseining som grunnlag for vedtak

Figuren under viser den organisatoriske plasseringa av KommiT og korleis arbeidet er tenkt organisert i faggrupper



Figur 1: Organisering av KommiT

² Rådmann Marit Elisabeth Larssen i Gloppen er medlem av styret

1.3 KommIT og kommunane i Sogn og Fjordane

Figuren over viser at kommunane sjølve har store mulegheiter for påverknad gjennom å løfta viktige saker til fag- og ressursgruppene og å delta i dette arbeidet. Men for at det skal skje, må kommunane engasjera seg aktivt.

I Sogn og Fjordane er det lang tradisjon i å ta initiativ for å oppnå noko, ikkje minst på IT-området. IT-forum Sogn og Fjordane³ har vore ei drivkraft i mykje av IT-utviklinga frå midten av 1990-talet. Eit av nettverka i forumet er "eForvaltningsnettverket". Det har vore relativt liten aktivitet i nettverket og det er planar om ei revitalisering under namnet "Digitaliseringsnettverk". Digitalisering av offentlege tenester vil vera hovudtemaet for nettverket, men det bør heller ikkje utelukka at næringslivsaktørar kan delta sidan digitalisering av tenester er noko som gjeld både privat og offentleg sektor.

³ <http://www.it-forum.no>

2. Metode

Prosjektet har noko overlapping med "Samordna digitaliseringsstrategi for kommunane i Sogn og Fjordane"⁴. Prosjektet tek med seg resultat frå dette prosjektet og har gått vidare og intervjuar fleire IT-leiarar i kommunane. I tillegg er det gjennomført tre spørjeundersøkingar til alle kommunane i fylket:

- Undersøking om digitalisering i helse- og omsorgssektoren (65 % respons)
- Undersøking om digitalisering på området plan- og byggjesak (96 % respons)
- Undersøking til IT-ansvarlege om digitaliseringsarbeidet i kommunane (77 % respons)

Spørjeundersøkingane har hatt god svarprosent (sjå ovanfor), særleg god har den vore for undersøkinga om digitalisering innan plan- og byggjesak. Her har 25 av 26 kommunar svart.

I tillegg til intervju og spørjeundersøking er det gjennomført analyse av viktige dokument om digitalisering i offentleg sektor. Sentrale tilrådingar gjennom regjeringa og KS sine digitaliseringsstrategiar og KS si satsing på KommiT-programmet som omtalt i styringsdokument (KS, 2012) og handlingsplan 2013 og 2014 (KS, 2013b) er gjennomgått og dei viktigaste sakene for kommunane våre trekte ut. Så er kommunane sine e-forvaltningsplanar/digitaliseringsplanar gjennomgått på regionnivå.

⁴ frå VF-rapport 9/2013, "Samordna digitaliseringsarbeid i kommunane i Sogn og Fjordane"

3. Digitaliseringsstrategi og KommIT-programmet

Dette kapitlet er henta Dette kapitlet er henta frå VF-rapport 9/2013, "Samordna digitaliseringsarbeid i kommunane i Sogn og Fjordane" (Ølnes, 2013) og supplert med informasjon om KommIT sin handlingsplan for 2014.

Dei to siste åra har det vore ei forsterka satsing på IT i offentleg sektor. IT i offentleg sektor har heile tida vore eit satsingsområde, men ved lanseringa av regjeringa Stoltenberg II sitt program for digitalisering i 2012 var statsminister Jens Stoltenberg sjølv med på presentasjonen saman med ansvarleg statsråd Rigmor Aasrud. Det var eit signal om at IT-politikken var forankra heilt til topps og at regjeringa meinte alvor med ei sterkare satsing. Digitaliseringsprogrammet for offentleg sektor er ein del av den totale IKT-satsinga Digital Agenda for Norge, samanfatta i Stortingsmelding 23-2013 (Fornyings- og adm.dep., 2013). Den er modellert etter EU sin digitale agenda (European Commission, 2010).

3.1 På nett med innbyggjarane

Regjeringa Stoltenberg II la fram programmet for digitalisering i offentleg sektor i rapporten "På nett med innbyggjarane" (Fornyings- og adm.dep., 2012). Der er det særleg utvikling av fellesløysingar som står sentralt:

- Digital postkasse til innbyggjarar og næringsliv (sikker e-post)
- Altinn som felles plattform for digitale tenester
- Elektronisk ID som ein viktig føresetnad for bruk av digitale tenester (ID-en kan vera offentleg [MinID] eller privat [BankID, ByPass m.fl.]
- Digital dokumentutveksling i staten skal vera hovudregel
- Fellesregister som støtte for digital forvaltning
 - Folkeregisteret (Skatt)
 - Einingsregisteret (Brønnpøysundreg.)
 - Matrikkelen (Kartverket)

Digitaliseringsprogrammet handlar mest om statlege tiltak og lite om korleis samhandlinga med kommunane skal vera. Programmet seier dette om stat-kommune-samarbeidet (Fornyings- og adm.dep., 2012):

Innbyggere og næringsliv skal på en enkel måte kunne utføre sine ærender med offentlig sektor uavhengig av om det er staten, kommunen eller fylkeskommunen som har ansvaret for tjenesten. Regjeringens program retter seg i hovedsak mot statlig sektor. Det er kommunenes eget ansvar å finne fram til gode digitaliserings- og utviklingstiltak på sine områder. For regjeringen er det viktig at offentlig sektor fremstår helhetlig overfor innbyggere og næringsliv. Derfor vil regjeringen legge vekt på at det i offentlig sektor utvikles gode fellesløsninger som både staten, fylkeskommuner og kommuner kan ha nytte av. I tillegg vil regjeringen bidra til gode rammevilkår for kommunenes eget digitaliseringsarbeid. Staten vil invitere kommunesektoren til nært samarbeid om arbeidet.

Sjølv om det blir understreka at innbyggjarane og næringsliv skal møte ein heilskapleg offentleg sektor, blir ansvaret for dette likevel eit sektoransvar.

3.2 Forenkla, fornya og forbetra

Den nye regjeringa frå oktober 2013, samansett av Høgre og Framstegspartiet og leia av statsminister Erna Solberg, la fram åtte hovudsatsingar for regjeringsplattforma⁵. Eitt av desse er "Ein enklare kvardag for folk flest" og det nye Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), leia av statsråd Jan Tore Sanner, har ansvaret for dette. Hovudsatsingsområdet har følgjande fem innsatsområde:

1. Auka valfridom
2. Betre styring og leiing i staten
3. Fjerne tidstjuvar
4. Enklare regelverk
5. Digitalisera forvaltninga

For det siste innsatsområdet, digitalisering av forvaltninga, ønskjer regjeringa å leggja endå meir trykk på digitaliseringstempoet. Av konkrete tiltak på kort sikt kan nemnast endringar i regelverk for å letta digitaliseringsarbeidet og kommunikasjonen med publikum (eForvaltningsforskrifta), oppfølging av dette gjennom arbeidet med sikker digital post og digitalisering av interne priorerte prosessar (Tinglysing, sjølvbetening i Husbanken m.m.).

Opprettinga av KMD var eit signal i seg sjølv om at regjeringa Solberg i større grad ønskjer å sjå på offentleg forvaltning under eitt og ikkje vera så oppteken av statlege og kommunale skiljelinjer som den forrige regjeringa. Flyttinga av Fornyingsdepartementet, med ansvaret for den statlege IKT-politikken, til Kommunaldepartementet viste at regjeringa prioriterer dette høgt.

3.3 Digitaliseringsstrategi i kommunesektoren

I "Digitaliseringsstrategi 2013–2016 for kommuner og fylkeskommuner" (KS, 2013a) trekkjer KS trådane frå *Digital agenda* og det statlege *Digitaliseringsprogrammet* og formulerer ei satsing tilpassa kommunar og fylkeskommunar. I strategien peiker KS nettopp på formuleringa i Digitaliseringsprogrammet om sektoransvaret og viser til NOU 2013:2 (FAD, 2013):

"Norge har en sterk tradisjon for sektorielt ansvar og lokal styring. I mange tilfeller er det den mest hensiktsmessige måten å styre på. [...] I møtet med digitaliseringen kan derimot sektoriell styring og lokal selvråderett være til hinder"

KS peiker på fleire uheldige sider ved den sterke sektorstyringa:

- Mange strategi- og styringsdokument forankra i ulike delar av forvaltninga
- Sektorielle satsingar som ikkje blir sette i samanheng: Manglande samhandling og styring
- Langsame prosessar med utgreiingar, konsept og høyringar

⁵ http://www.regjeringen.no/nb/om_regjeringen/solberg/Regjeringens-satsingsomrader.html?id=752698

- Omfattande innkjøpsprosessar som ofte fører til leverandørbindingar
- Manglande merksemd om innbyggjarane og næringslivet sine behov; satsingane tek ofte utgangspunkt i forvaltningsstrukturen og –finansieringa
- Manglande forståing for at arbeidsprosessar går på tvers av forvaltninga, både horisontalt og vertikalt
- Mangelfull strategisk IKT-kompetanse hjå leiarar og politikarar

KS ønskjer at digitaliseringsstrategien skal brukast som grunnlag for eigne strategiar på området. Dei tilrår følgjande struktur på dei lokale planane:

1. **Strategisk del**

Denne delen skal trekkja hovudlinjer for bruken av IKT til å støtta tenesteutviklinga. Den skal vera langsiktig karakter og vera i samsvar med overordna (fylkes-)kommunale strategiar.

2. **Handlingsplan**

Detaljert oversikt over planlagde aktivitetar med ei tidsramme på eitt år. Denne delen må rullerast årleg i samband med budsjettarbeidet.

Den overordna visjonen for KS sin digitaliseringsstrategi er

Ein samordna kommunal sektor [som] leverer digitale tenester som gir innbyggjarar og næringsliv eit reelt digitalt førsteval

Denne visjonen blir konkretisert i seks tverrgåande og tre sektorielle satsingsområde:

Tverrgåande satsningsområder

1. **Digital dialog** (kanalval, universell utforming, språkbruk...)
2. **Strategisk leiing og IKT** (styringsdata, org.utvikling, gevinstrealisering...)
3. **Kompetanse** (på endringsprosessar, innkjøpsprosessar, personvern m.m.)
4. **Arkiv og dokumenthåndtering** (arkivet som sentral for all dokumenthandtering, innføring av Noark 5-kjerne i alle løysingar som arkiverer saksdokument)
5. **Personvern, teieplikt og informasjonssikkerheit**
6. **Arkitektur og standardisering** (felleskomponentar og standardar, vurdering av sky-tenester)

Sektorielle satsingsområde:

1. Helse og velferd (Helsenettet, kjernejournal, Norm for informasjonssikring)
2. Oppvekst og utdanning
3. Plan, bygg og geodata

3.4 KommIT


KS sitt hovudstyre vedtok å oppretta KommIT – Program for IKT-utvikling i kommunesektoren – våren 2012. Det var ei erkjenning av at det trengst sterkare samarbeid mellom kommunane for å løysa

utfordringane på IKT-området. Programmet er treårig og skal evaluerast etter 2015 for å vurdere eigna organisering og finansieringsform frå og med 2016.

Dei overordna effektmåla for KommIT-satsinga er


- Sørge for samordning i kommunesektoren
- Sørge for samordning mellom stat og kommune
- Auka den kommunale IKT-kompetansen
- Greia ut framtidig utviklings- og forvaltningseining og førebu eit vedtak om dette

Organiseringa av KommIT og avklaring av roller og ansvar går fram av illustrasjonen under:



Figur 2: Organisering av KommIT (KS, 2012)

KommIT vil knyta til seg ulike miljø og oppretta arbeidsgrupper på prioriterte fagområde, som figuren under viser:



Figur 3: KommiT sin arbeidsform (KS, 2012)

I KommiT sin handlingsplanen for 2013 (KS, 2013b) er dei tre satsingsområda Nasjonal samordning, Felles kommunal IKT-arkitektur og Kompetanseutvikling omtalte. For felles arkitektur er følgjande oppgåver prioriterte:

- a. Utgreiing av Governancekonseptet
Dokumentering og forvaltning av IKT-arkitektur for kommunal sektor
- b. Utgreiing av forvaltningsmodellar for IKT-utvikling i kommunal sektor på kort sikt
Korleis skal felleskomponentar som t.d. SvarUt forvalttast og driftast?
- c. Vidareføra arbeidet med felles kommunal IKT-arkitektur (FAKS)
- d. Tenesteprossar med best-cases
- e. Utvikla informasjons- og datamodellar som sikrar gjenbruk og vidareutvikling av LOS som felles tenestekatalog
- f. Digital Post
- g. SvarUT SvarINN
- h. XML-resultatgenerator
- i. Integrasjon til statlege felleskomponentar
- j. Altinn
- k. ID-porten
- l. (Andre statlege) register
- m. Spesifikke grensesnitt mellom NOARK5 -kjerne web-services
- n. Rammeverk for informasjonssikkerheit
- o. Frikjøpe KompIS kurs

4. Digitaliseringsstrategi i kommunane

Dette kapitlet er henta frå VF-rapport 9/2013, "Samordna digitaliseringsarbeid i kommunane i Sogn og Fjordane".

Arbeidet med IKT-planar i kommunane i Sogn og Fjordane føregår på regionnivå i følgjande samarbeid:

- ÅLAV (Årdal, Lærdal, Aurland og Vik)
- BLLS (Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster)
- SYS (Sunnfjordkommunane inkl. Høyanger, Solund og Gulen)
- Nordfjord (Nordfjord-kommunane)

Flora kommune er ikkje med i noko formelt regionsamarbeid. Prosjektet har hatt eigen samtale med IKT-leiar i Flora kommune.

4.1 Årdal, Lærdal, Aurland og Vik (ÅLAV)

ÅLAV-kommunane har ingen oppdatert IKT-strategi og den gamle er utdatert i følgje IT-leiar i Årdal kommune. Det betyr likevel ikkje at det ikkje skjer IKT-tiltak i kommunane, men det er som følgje av prioriteringar på tenesteområda og som effektar av eksterne prosjekt.

IT-leiaren peiker på eksterne prosjekt som på mange måtar overstyrer lokale prioriteringar. Ho er positiv til deltaking i slike prosjekt som ofte fylkesovergripande, men dei fører ofte med seg ekstra kostnader for kommunane. Desse kostnadene er ofte høgre enn prosjektmidlane. Kostnader som følgjer av denne typen prosjekt, t.d. "Meldingsløftet", er knytte til oppgradering av programvare m.m.

Oppgradering av programvare generelt er også eit punkt IT-leiaren nemner som "tvingar" seg fram nærmast uavhengig av kva strategi ein har lagt opp til.

ÅLAV-samarbeidet går i retning eit ÅLA-samarbeid utan Vik kommune.

4.2 Balestrand, Leikanger, Luster og Sogndal (BLLS)

IKT-strategien for 2013-2014 for Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster er førebels ikkje vedteken og er framleis under utarbeiding. Strategien har følgjande hovuddelar:

1. Innleiing
 - Bakgrunn
 - Visjon
 - Føremål
2. Region- og "Nordsida"-samarbeidet
3. Informasjonstryggleik
4. Fellessystem
5. Fagsystem

6. Vedlegg

BLLS-kommunane har samarbeid om felles IKT-strategi sidan 2007, og har revidert denne i 2011 og 2012 og seinare rullert den for 2012/13 og sist 2013/2014. Dei har tilsett ein felles IKT-medarbeidar for å følgja opp dette arbeidet.

I tillegg til BLLS-samarbeidet er det også eit IKT-samarbeid forankra i Sogn Regionråd. Det omfattar kjøp av tenester frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på drift av Kommunenett Sogn og drift av fellesløysingar for GIS. Regionsamarbeidet omfattar også representasjon i IT-forum Sogn og Fjordane, IKT helsenettverk og IKT skulenettverk. Alle kommunane i BLLS og ÅLAV, med unntak av Vik, deltek i dette regionsamarbeidet.

Strategien byggjer på Stortingsmelding nr. 17 (2006-2008) "Eit informasjonssamfunn for alle" (FAD, 2006) og KS sin plan *eKommune 2012* (KS, 2010) som byggjer på denne. I tillegg er strategien basert på KS sin digitaliseringsstrategi 2013-2016.

Visjonen for strategien er:

" Gjennom å utnytte moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi på tvers av kommunegrensene ønskjer vi å utvikle verktøy som effektiviserer tenesteproduksjonen, bidreg til ei effektiv forvaltning og styrkjer lokaldemokratiet."

Føremåla med strategien blir oppsummerte i desse fire punkta:

- Bidra til stabil og robust IKT-drift i den einkilde kommunen
- Reduserte innkjøpskostnader
- Kompetanseheving, erfaringsutveksling og læring
- Hjelpa kvarandre gjennom bruk av like fagsystem og felles kompetanse

Vurdering av BLLS-strategi

- **God omtale og oversikt over gjeldande samarbeid innan IKT**, både på regionnivå og på BLLS-nivå.
- **Strategi og handlingsplan er ikkje tydeleg skilde**
Strategien bør vera på eit overordna nivå og samsvara med måla elles for kommunen. Det vanlege er at ein strategiplan gjeld for 3-4 år. Handlingsplanen skal vera den konkrete planen som listar oppgåver som skal gjennomførast det kommande året. Det er handlingsplanen som treng årleg rullering. Strategiplanen blir revidert, eller eventuelt utarbeidd på nytt, kvart tredje eller fjerde år.
- **Fangar ikkje i tilstrekkeleg grad dei nye signala i KS' digitale strategi 2013-2016** og målsetjingane i KommlIT-programmet. Planen verkar utdatert og basert på eKommune-

strategien som ikkje gjeld lenger.

- **Planen verkar lite brukarretta og ser mest innover**

Den er i for stor grad verktøyfokusert og for lite retta mot kva IKT kan gjera for innbyggjarar og næringsliv. Det kjem tydeleg fram i omtalen av nettsidene. Det kan verka som dette berre er ein rein einvegs informasjonskanal og ikkje den viktigaste plattformen for digitale tenester.

- **Planen er lite ambisiøs, i alle fall på det konkrete planet**

På dei fleste områda (les: på systemnivå) står det "Ingen tiltak i perioden". Viss alt fungerer optimalt, er det ein grei nok handlingsplan, men sannsynlegvis er det behov for ganske omfattande endringar for å møte dei utfordringane som er skisserte mellom anna i KS- og KommIT-dokumenta.

4.3 IKT-samarbeidet i Sunnfjord (SYS IKT)

SYS-kommunane (Sunnfjord og Ytre Sogn) har etablert ei arbeidsgruppe for å gå gjennom noverande IKT-strategi for å oppdatera denne. Den gamle IKT-strategien er ikkje lenger i tråd med dagens realitetar og det er difor eit stort behov for å tilpassa kart og terreng. Fornyingsprosjektet "Samordna digitaliseringsarbeid i kommunane i Sogn og Fjordane" inviterte seg med på møte i arbeidsgruppa, men av ulike grunnar har det ikkje vorte halde møte i gruppa i prosjektperioden. Sidan den eksisterande IKT-planen ikkje lenger reflekterer dagens realitetar og utfordringar, har prosjektet sett det som lite føremålstenleg å vurdere den.

Etter først å ha planlagt ny IKT-strategi frå 2014, har arbeidet no vorte skyvd og målet er å få utarbeida ein plan for perioden 2015 – 2018. Det er eit ønske om å involvere kommunane i samarbeidet på alvor og få innspel og uttalar frå dei. Utarbeiding av ny IKT-plan kunne gått fortare, men forankring i kommunane er sett på som så viktig at ein vel å bruka noko lenger tid.

4.4 Flora kommune

Flora kommune er den einaste som står utanfor kommunesamarbeid på IKT-sida. Dei har valt å organisera IKT-arbeidet internt i kommunen og har ikkje planar om å endra dette førebels.

Kommunen har ingen nedfelt IKT-plan, men IKT er ein viktig del av tenesteytinga og arbeidet elles i kommunen i følge IT-leiaren. Ho er generelt skeptisk til IKT-planar og –organisering av IKT-arbeidet i eigne, interkommunale selskap då det ofte medfører at avstanden til dei sentrale kommunale oppgåvene blir for store. Resultatet blir ofte IKT-planar som blir for isolerte og ikkje er i tilstrekkel dialog med oppgåvene teknologien skal hjelpa til å forbetra.

Ho medgir likevel at IKT-planar er viktige for å løfta fram dei tverrgående aktivitetane og for å planleggja grunnleggjande infrastruktur. Når det er sagt, er det likevel arbeidet på dei enkelte tenestemråda som er viktig, og der inngår IKT som eit viktig hjelpemiddel.

4.5 Nordfjordnett

Nordfjordkommunane har eit IKT-samarbeid organisert gjennom *Nordfjordnett*. Nordfjordnett er eit interkommunalt selskap administrert av Vågsøy kommune. Nordfjordkommunane har ein 5-årig samarbeidsavtale med Nordfjordnett (2013 – 2018). Nordfjordnett har ei styringsgruppe med rådmennene i dei samarbeidande kommunane. Desse kommunane utgjer dagens Nordfjordnett:

- Bremanger
- Eid
- Gloppen
- Hornindal
- Selje
- Stryn
- Vågsøy

Digitaliseringsprogram for Nordfjordkommunane 2013 – 2017 (Nordfjordnett, 2013) byggjer på felles IKT-strategi 2009 – 2012. Den byggjer også på regjeringa Stoltenberg II sitt digitaliseringsprogram ("På nett med innbyggjarane").

På det strategiske planet tek digitaliseringsprogrammet opp bruken av IKT for betre teneste-produksjon, og IKT for betre ressursutnytting i kommunane.

Handlingsplanen (2014 – 2017) omfattar desse tiltaka for 2014:

1. **Arkiv:** Utvikla ein kravspesifikasjon for ny arkivløyising for å møta nye krav til arkivarbeid
2. **Felles kjernejournal:** Vurdera behovet for nye løysingar innan pleie- og omsorg, helse, lege, legevakt og spesialisthelsetenesta for å møta kravet til kjernejournal. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Helse Vest. Eventuelt utarbeida kravspesifikasjon for nye IKT-løysingar.
3. **Velferdsteknologi:** Setja ned eit arbeidsgruppe som skal prøva ut, kvalitetssikra og innføra ny teknologi i omsorgstenestene i Nordfjord
4. **Ny IKT-plan for oppvekst:** Konsolidera satsingane innan oppvekst og sjå på utnyttingsgraden av alt innarbeida løysingar
5. **Interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon**
Sjå på arbeidsdelinga mellom kommunane i dag og vurderer spesialisering av tenesteproduksjon (ein kommune utviklar tenester for bruk av alle i samarbeidet)
6. **Kompetanseheving:** Systematisera og koordinera brukaropplæringa
7. **Sikring av økonomisystem:** Arbeidsgruppe skal utarbeida kravspesifikasjon for overgang til økonomisystem på sikker sone (2015)

Vurdering av Nordfjord-strategi

- **Kort og konsis strategi,** lett å orientera seg i. Men programmet/planen burde omstrukturert slik at den starta med kapitlet om *Føresetnader for digitalisering*.


- **Digitaliseringprogrammet meir i tråd med overordna planar (regjering, KS)**
(men verken KS sin Digitaliseringsstrategi eller KommIT er nemnde i programmet)
- **Skil ikkje tilstrekkeleg mellom strategisk del og handlingsplan.** Handlingsplanen som omfattar perioden 2014-2017 verkar å vera for lang, og ser heller ut som strategiske satsingar. Også uklart korleis Digitaliseringsprogrammet heng saman med IKT-strategi for Nordfjordkommunane, eller om det erstattar denne. Også samanhengene med Samarbeidsavtale om e-Forvaltning i Nordfjord er uklar.
- Også Nordfjordkommunane sin strategi/handlingsplan er **lite brukarretta**. Dei kommunale nettsidene som plattform for framtidig digitalt tenestetilbod er ikkje omtalte. Det faktum at Nordfjord-kommunane kjem dårlegast ut av kommunane i Sogn og Fjordane i Difi si kvalitets-evaluering 2013 burde vore teke opp og handtert.

5. Resultat av spørjeundersøkingar

Her blir berre dei viktigaste resultatane sett i høve til målet med forprosjektet, løfta fram. Alle resultatane er presenterte i vedlegg 1.

5.1 Helse og omsorg

17 av 26 kommunar svarte på undersøkinga. Dei fleste svara vart gitt av leiaren for tenesteområdet (68 %).



Figur 4: IT-støtte i helsesektoren

Nærmare 80 % av dei som har svart, meiner at IT-systema støttar godt opp om arbeidet i sektoren. Kommenterar til spørsmålet viser likevel at ikkje alt fungerer like godt, eller at alle grupper er like nøgde:

Dei på legekantoret er ikkje så fornøgde, elles er det bra.


Vi har i periodar store problem med WinMed i legetenesta. Helsestasjon og omsorg er OK

Winmed 2 - har utfordringar med visning i ein del av meldingane. det vert heller ikkje gjort utvikling på dette systemet.

Profil er eit gammaldags og tungvint system. Infodoc kjenner eg ikkje så godt, men sakanar rapportar, oppsummeringar diagnoser etc

Korleis er samhandlinga mellom dei ulike IT-systema i sektoren (automatisk overføring av informasjon frå eitt system til eit anna)?

Besvart: 19 Hoppet over: 4




Figur 5: Samhandling mellom ulike IT-system

Det er ei lita overvekt av kommunar som meiner samhandlinga mellom IT-systema er mindre god/dårleg enn som er nøgd.

Korleis er samhandlinga mellom fagsystema i kommunen og andre institusjonar (helseforetak, primærhelsetenesta, andre)?

Besvart: 17 Hoppet over: 6



Figur 6: Korleis fungerer IT-samhandlinga med eksterne system?

Eit lite fleirtal av kommunane meiner samhandlinga med eksterne IT-system fungerer godt. Dei lokale prosjekta for meldingsutveksling mellom kommunane og Helse Førde har hatt klar positiv verknad, noko desse kommentarane understrekar:

Etter at meldingsløftet er innført i kommunen og mellom helseforetak og kommune er det store forbedringar

Er pt i oppstart av meldingsutveksling mellom Helse Førde og Omsorg - alt ligg tilrette for at dette skal gå greitt.

Har hatt e meldingar med fastlegar ei stund. Er nett byrja med e meldingar med Helse Førde. Fungerer bra begge deler.


Elektronisk meldingsutveksling mellom Helseforetak og PLO / Fastlegar

Men det finst framleis utfordringar også her:

Ei utfordringar at kommunen pliktar å funksjonskartlegge og rapporterer på iplos variable. I sjukehusystema er det lagt opp til anna type funksjonskartlegging noko som fører til utfordringar når ein no skal kommunisere elektronisk. Det burde ha vore ein standard for funksjonkartlegging på tvers av forvaltningsnivåa .

Fungerer det interkommunale IT-samarbeidet tilfredsstillende?

Besvart: 19 Hoppet over: 4




Figur 7: Fungerer det interkommunale IT-samarbeidet tilfredsstillende?

Av dei 19 kommunane som har svart, meiner 11 at det interkommunale IT-samarbeidet fungerer tilfredsstillende medan fire svarer 'Delvis' og ein kommune 'Nei'.

5.2 Plan- og byggjesaker

Plan- og byggjesaksområde var det andre fagområdet som vart valt ut for nærmare undersøking. Alle dei 26 kommunane svarte på dette skjemaet.




Figur 8: IT-støtte på plan- og byggjesaksområdet?

Om lag 75 % meiner IT-systema støttar godt opp om arbeidet i denne sektoren. Det er litt mindre enn for helse- og omsorgssektoren, men skilnaden er ikkje statistisk signifikant (sjå analysen av data i vedlegg 1).

Av kommentarane frå merknadsfeltet går det fram at kommunikasjonen mellom ulike system i ulike kommunar er eit problem. Eit anna problem som blir trekt fram, er manglande støtte for rapportering til KOSTRA.

Korleis er samhandlinga mellom dei ulike IT-systema i sektoren (automatisk overføring av informasjon frå eitt system til eit anna)?

Besvart: 23 Hoppet over: 3



Figur 9: Samhandlinga mellom ulike IT-system i plan- og byggesakssektoren (internt i kommunen)

Eit stort fleirtal av respondentane (kommunane) meiner samhandling er mindre god eller dårleg. Berre 4 kommunar (17 %) meiner den er god. Analysane viser at respondentane er signifikant meir misnøgde med samhandlinga i plan- og byggesakssektoren enn i helse- og omsorgssektoren.

Her er nokre av problema som blir trekte fram:

Ikkje nytta saksprosess og plandialog, manglande oppdatering til Noark5 i Acos sak -arkiv

Kostrarapportar må kunne snakke med fagprogramma. Kan ikkje då sitte å telje med penn og blyant


Samhandling mellom gis/line, braplan og websak fungerer ikkje og vanskeleg. [...] er med i ulike samarbeidsgrupper, NH og SYSIKT. kopling mellom data i server er utfordring og enno ikkje avklart.

EDB sak/arkiv: Dårleg. GISLINE: OK. Men samhandlar dårleg med eksterne system(staten) og EDB sak/arkiv.

Framleis behov for mellomsystem, manuell kontroll

Korleis er samhandlinga mellom fagsystema i kommunen og andre institusjonar (Kartverket, Brønnøysundreg., Skatteetaten/Folkeregisteret, andre)?

Besvart: 24 Hoppet over: 2




Figur 10: Korleis er samhandlinga med eksterne system?

Kommunane er meir nøgde med den eksterne samhandlinga (samhandling med IT-system utanfor kommunen) enn den interne samhandlinga mellom IT-system i kommunen. Men kommunane er mindre nøgde med den eksterne IT-samhandlinga innan plan- og byggjesak enn i helse og omsorg.

Fungerer det interkommunale IT-samarbeidet tilfredsstillende?

Besvart: 24 Hoppet over: 2



Figur 11: Fungerer det interkommunale IT-samarbeidet tilfredsstillende?

I motsetnad til svara frå helse- og omsorgssektoren er respondentane innan plan- og byggjesak mindre nøgde med det interkommunale IT-samarbeidet.

5.3 IT-ansvarlege

I tillegg til undersøkingane i sektorane helse og omsorg og plan- og byggjesak, gjennomførte vi også ei spørjeundersøking til IT-ansvarlege i kommunane.


Interessant nok, men kanskje ikkje overraskande, er dei IT-ansvarlege i kommunane meir nøgde med det interkommunale IT-samarbeidet enn fagfolka i dei andre sektorane:

Tabell 1: Er IT-ansvarlege i kommunane nøgde med det interkommunale IT-samarbeidet?

Kategori	Tal kommunar	Prosent
Ja	18	86 %
Delvis	2	10 %
Nei	0	0 %
Ikkje relevant	1	5 %

Er informasjonsflyten mellom fagsystema internt i kommunen tilfredsstillande?

Besvart: 21 Hoppet over: 3



Figur 12: Er den interne informasjonsflyten tilfredsstillande?

Dei IT-ansvarlege er mellomnøgde med den informasjonsflyten. Kommentaraane frå respondentar utdjupar nokre av problema med IT-samhandling internt, og det verkar som integrasjon mot arkivsystemet er ein flaskehals:


Ikkje alle fagsystem avleverer den informasjonen som vi ynskjer i arkivsystemet.

Manglar system for intranett med felles plass for informasjon. Registrering av arbeidstid ikkje på plass - vil forvente betydeleg reduksjon av manuell registrering av vikarar mm. Ska vere knytt direkte mot lønssystemet

Fungerer bra mellom fagsystem og løns/økonomisystem. Har hatt litt utfordringar mellom økonomi- og sak/arkivsystem.

Er informasjonsflyten mellom interne fagsystem og eksterne system (kommunale eller statlege) tilfredsstillande?

Besvart: 21 Hoppet over: 3



Figur 13: Er den eksterne informasjonsflyten tilfredsstillande?

Den eksterne informasjonsflyten blir vurdert som mindre tilfredsstillande enn den interne. I tilleggskommentarane blir det peikt på nokre problematiske område, men samtidig er det litt motstridande oppfatningar av t.d. KOSTRA-integrasjon (jf. sektorvise kommentarar over):

Vi har vel ynskjer om at vi kan motta og sende meir informasjon elektronisk mot Nav (Hjelpemiddel-opplysningar, inntektsopplysningar for berekning av eigenbetaling institusjonsopphald, kontantstøtteraoppport,)

Kostrarapporteringa fungerer bra men elles mykje manuell rapportering.

Dei IT-ansvarlege meiner informasjonsuthenting frå Folkeregisteret og Kartverket fungerer tilfredsstillande (høvesvis 66,7 % og 76 % svarer ja på desse spørsmåla).

IT-planar

Kapittel 3 har ei oppsummering av IT-planar for kommunane og kommunesamarbeida henta frå prosjektet ”**Samordna digitaliseringsarbeid i kommunane i Sogn og Fjordane**”. I spørjeundersøkinga til dei IT-ansvarlege blir desse funna i stor grad stadfesta:

- 12 kommunar oppgir å ha ein oppdatert IT-plan (8 svarer at dei ikkje har)

- Av desse 12 er det berre 5 som oppgir å ha ein IT-plan forankra i KS sin digitaliseringsstrategi 2013-2016
- Dei same 12 oppgir at IT-planen har nedfelt kva mål som skal oppnåast i perioden
 - Men berre 4 kommunar har skissert korleis gevinstane ved måloppåing skal realiserast
- Kjennskapen til KS sitt KommiT-program er relativt dårleg:
 - 8 kommunar (IT-ansv.) oppgir å ha god kjennskap til programmet
 - 11 kommunar (IT-ansv.) oppgir å ha lite kjennskap til det

5. Oppsummering og tilrådingar

Resultata frå dei to prosjekta ” *Samordna digitaliseringsarbeid i kommunane i Sogn og Fjordane*” og ” *Digitaliseringsarbeid i mindre kommunar - Korleis kan KommIT-programmet best støtta dei mindre kommunane sine behov og læra av deira fortrinn?*” har vist at kommunane i Sogn og Fjordane har utfordringar der betre kjennskap til, og tettare samarbeid med, KommIT-programmet truleg ville hjelpa. Kjennskapen til programmet er dessverre for dårleg til å dra nytte av samarbeidsløysingane KommIT arbeider med og tilbyr.

På ei og same tid blir kommunane både for **nærskylte** ved at dei ikkje ser nytten av KommIT og større, nasjonale fellesløysingar, og for **langskylte** ved at dei ser for snevert på IT og ikkje at teknologien først og fremst skal vera eit hjelpemiddel for betre tenester og løysingar for innbyggjarane. Paradoksalt nok kan det verka som dei kommunane som ikkje har ein IT-plan faktisk er dei som har det tettaste samarbeidet med fagavdelingane i kommunane om utvikling av betre tenester.

Problem med dagens IT-strategiar i kommunane:

- Mangel på skilje mellom strategisk nivå og handlingsorientert del – alt blir ”salsa” saman
- For lite integrert i kommunen sine prioriteringar elles
- Enkelte kommunar har ingen IKT-plan
 - betyr ikkje at dei gjer ein dårlegare jobb på området, kanskje tvert om, men det er fare for at arbeidet blir mindre koordinert og koherent. Det er også visse grunnleggjande element og tverrgående element som då blir borte. Fare for sektorvise prioriteringar som ikkje heng godt saman på eit overordna nivå.
- Gjennomgåande for avsendarfokusert og lite brukarretta. Det handlar mest om system, kravspesifikasjonar og oppgraderingar, mindre om brukarkvalitet og brukaropplevingar
- Nettsidene blir for ein stor del omtala som om det er einvegs informasjonskanalar og ikkje den viktigaste plattformen for utvikling av eit digitalt tenestetilbod
- Viktige signal frå nasjonalt hald blir berre i varierende grad fanga opp
- Mangel på samanheng mellom fylkesovergripande prosjekt og IKT-prioriteringar på lokalt nivå

Forslag til tiltak:

- Alle kommunar bør ha ein strategiplan for IKT, om den så berre er på 1-2 sider (til kortar, til betre ofte). Den må skilja mellom langsiktige strategiske mål, og kortsiktige handlingar som blir følgde opp i budsjettprosessen i kommunen
- Strategiplanen må vera godt integrert med andre planar og prosessar i kommunen, ikkje minst må den vera forankra i dei ulike tenesteområda og samsvara med dei prioriteringane som blir gjorde der
- Strategiplanane må fanga opp dei viktigaste signala frå KS/KommIT og regjeringa
- Nettsidene må løftast til å bli noko meir enn ein enkel informasjonskanal: Det er den viktigaste plattformen for digital samhandling med innbyggjarane, på alle typar dingsar
- Betre dialog med brukarane/innbyggjarane må løftast fram i strategiplanane – brukartestar er ein enkel og effektiv metode for å finna ut om ting fungerer. Meir bruk av statistikk for bruk av el. skjema m.m. vil også vera nyttig.

- Gevinstmål og –realisering er fråverande frå dei fleste planane.. Kva vil ein med IKT-bruken? Her har KS utvikla rutinar og sjekklister som bør kunna brukast (KS 2013c).
- Betre dialog mellom region- og fylkesdekkjande prosjekt og den enkelte kommunen. Mange opplever no at fellesprosjekt grip direkte inn i prioriteringane utan at det har vore godt nok diskutert internt.
- Skilnaden mellom helse- og omsorgssektoren og plan- og byggjesak, der den første er gjennomgåande meir positiv til IT-samhandling, kan truleg tilskrivast dei mange fylkesover-gripande prosjekta (mellom anna Meldingsløftet I og II) som har involvert alle kommunane og fått til eit godt samarbeid med andre sektorar, i første rekkje det regionale helseføretaket. I organisasjonen IT-forum har fylket eit stort fortrinn og eit godt utgangspunkt for koordinerte fellestiltak, det bør også nyttast til felles integrasjonsprosjekt på området plan- og byggjesak.
- Gjennom IT-forum Sogn og Fjordane har fylket den forankringa som er nødvendig for å få til eit godt samarbeid med KommIT, men det krev at organisasjonen tek initiativ til eit slikt samarbeid.

Referansar

European Commission, 2010. A Digital Agenda for Europe.

Fornyings-, administrasjons-og kirke departementet, 2013. NOU 2013: 2 - Hindre for digital verdiskaping (NOU).

Fornyings- og adm.dep., 2006. St.meld. nr. 17 - Eit informasjonssamfunn for alle, Stortingsmelding. Oslo.

Fornyings- og adm.dep., 2012. På nett med innbyggerne - Regjeringens digitaliseringsprogram. Fornyings,- adm.- og kyrkjedepartementet, Oslo.

Fornyings- og adm.dep., 2013. Digital agenda for Norge - IKT for vekst og verdiskaping.

KS, 2010. eKommune 2012 - lokal digital agenda. Oslo.

KS, 2012. Styringsdokument for KommIT. KS, Oslo.

KS, 2013a. Digitaliseringsstrategi 2013-2016 for kommuner og fylkeskommuner (KS-rapport).

KS, 2013b. Handlingsplan for KommIT 2013. KS, Oslo.

KS, 2013c. Gevinstkokebok for IKT-prosjekter i norske kommuner. KS, Oslo.

Nordfjordnett v/strategisk IKT-leiar, 2013. Digitaliseringsprogram for Nordfjord-kommunane 2014-2017 (høyringsutkast). Sandane.

Ølnes, Svein 2013. Samordna digitaliseringsstrategi for kommunane i Sogn og Fjordane. VF-rapport 9/2013, Sogndal.

Vedlegg 1: Analyse av data

Tabell 2 Vurdering av påstand "Støtter IT-systema godt opp om arbeidet i sektoren?" i ulike sektorer. Absolutte frekvenser.

Verdi	Helse	Plan/bygg	Totalt
1		1	1
2	1	1	2
3	2	4	6
4	15	18	33
5	1		1
Totalt	19	24	43

1=Dårlig, 5=Svært bra

Tabell 3 Vurdering av påstand "Støtter IT-systema godt opp om arbeidet i sektoren?" i ulike sektorer. Prosent.

Verdi	Helse	Plan/bygg	Totalt
1	0 %	4 %	2 %
2	5 %	4 %	5 %
3	11 %	17 %	14 %
4	79 %	75 %	77 %
5	5 %	0 %	2 %
Totalt	100 %	100 %	100 %

		Gjennomsnitt	Std.avvik	CV
Helse	1	3,8	0,60	15,7
Plan/bygg	2	3,6	0,77	21,2

Kommentar: Plan/bygg har noe lavere verdier og større varians. De ansatte i denne sektoren er altså noe mindre fornøyde og litt mindre entydige i vurderingene enn de ansatte i helse- og omsorgs-sektoren. En regresjonsanalyse med vurderinger som avhengig og sektor som uavhengig variabel viser at forskjellen i gjennomsnitt *ikke* er statistisk signifikant.

Neste tabell viser en regresjonsanalyse med vurdering av IT-systemenes støtte som avhengig variabel og sektor som uavhengig. Sektor er koda 0 for helse og 1 for plan/bygg. Konstantleddet (skjæringspunkt) viser gjennomsnittlig vurdering for helsesektoren. Her er gjennomsnittlig score 3,8. Regresjonskoeffisienten viser endring for plan/bygg. Den gjennomsnittlige score i denne sektoren er altså 0,2 poeng lavere men forskjellen er *ikke signifikant*. Gjennomsnittlig score i plan/bygg er derfor 3,6 mot altså 3,8 i helsesektoren.

Sektortilhørighet forklarer omlag 2% av variasjonen i vurdering av IT-støtte til arbeidet i sektoren.

Tabell 4 Resultat regresjonsmodell med Y="Støttar IT-systema godt opp om arbeidet i sektoren?" Sektor som uavhengig variabel.

SAMMENDRAG (UTDATA)						
<i>Regresjonsstatistikk</i>						
Multippel R	0,15557732					
R-kvadrat	0,0242043					
Justert R-kvadrat	0,00040441					
Standardfeil	0,70106741					
Observasjoner	43					
<i>Variansanalyse</i>						
	<i>fg</i>	<i>SK</i>	<i>GK</i>	<i>F</i>	<i>Signifikans-F</i>	
Regresjon	1	0,499847	0,499847	1,01699201	0,31914839	
Residualer	41	20,1513158	0,49149551			
Totalt	42	20,6511628				
	<i>Koeffisienter</i>	<i>Standardfeil</i>	<i>t-Stat</i>	<i>P-verdi</i>	<i>Nederste 95%</i>	<i>Øverste 95%</i>
Skjæringspunkt	3,84210526	0,16083589	23,8883572	1,1116E-25	3,51729059	4,16691994
Sektor-Dummy	-0,21710526	0,21528391	-1,00846021	0,31914839	-0,65187994	0,21766942

Tabell 5 Vurdering av påstand " Korleis er samhandlinga mellom dei ulike IT-systema i sektoren (automatisk overføring av informasjon frå eitt system til eit anna)?" . Absolutte tall.

Verdi	Helse	Plan/bygg	Totalt
1	3	10	13
2	7	9	16
3	9	4	13
Totalt	19	23	42

1= Dårlig (fråverande, eller inga automatisk informasjonsutveksling)

2=Mindre god

3=God

Tabell 6 Vurdering av påstand " Korleis er samhandlinga mellom dei ulike IT-systema i sektoren (automatisk overføring av informasjon frå eitt system til eit anna)?" . Prosentar.

	Helse	Plan/bygg
1	15,8 %	43,5 %
2	36,8 %	39,1 %
3	47,4 %	17,4 %
Sum	100,0 %	100,0 %

Kommentar: Det er langt fler i plan- og byggsektoren som vurderer samhandling mellom ulike IT-system som dårlig. Andelen som vurderer samhandling som god i sektoren er 30 prosentpoeng høyere i helsesektoren enn i plan/bygg sektoren. Forskjellen er signifikant på 5% nivået med en kji-kvadrattest ($p=0,03$).

En regresjonsanalyse med vurdering av samhandling som avhengig variabel og sektor som uavhengig viser samme bildet. Sektor er kodet 0 for helse og 1 for plan/bygg som ovenfor. Konstantleddet er 2,3 som er gjennomsnittlig score for helsesektoren. Den gjennomsnittlige score i sektor plan/bygg er nesten 0,6 poeng lavere og denne forskjellen er signifikant ($p=0,01$). Gjennomsnittscoren i plan/bygg er derfor 1,7 som er betydelig lavere enn for helsesektoren. Konklusjonen blir derfor at samhandling mellom IT-system fungerer bedre i helsesektoren enn i plan/bygg sektoren.

Sektortilhørighet forklarer omlag 13% av variasjonen i vurdering av samhandling mellom ulike IT-system i sektoren.

SAMMENDRAG (UTDATA)						
<i>Regresjonsstatistikk</i>						
Multippel R	0,36479469					
R-kvadrat	0,13307516					
Justert R-kvadrat	0,11140204					
Standardfeil	0,75066713					
Observasjoner	42					
<i>Variansanalyse</i>						
	<i>fg</i>	<i>SK</i>	<i>GK</i>	<i>F</i>	<i>Signifikans-F</i>	
Regresjon	1	3,45995423	3,45995423	6,14010152	0,017535	
Residualer	40	22,5400458	0,56350114			
Totalt	41	26				
	<i>Koeffisienter</i>	<i>Standardfeil</i>	<i>t-Stat</i>	<i>P-verdi</i>	<i>Nederste 95%</i>	<i>Øverste 95%</i>
Skjæringspunkt	2,31578947	0,17221485	13,4470951	1,9934E-16	1,96773028	2,66384867
Sektor	-0,57665904	0,23271872	-2,47792282	0,017535	-1,04700112	-0,10631696